



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Sissel Storebø, 55572220

Vår dato
20.10.2006
Deres dato

Vår referanse
2006/11273 -472
Deres referanse

Inspeksjonsrapport

Informasjon om verksemda

Namn: Leirvik Module Technology AS	Organisasjonsnr.: 983 717 098
Adresse: Postboks 273, 5402 Stord	Telefon/e-post: 53496200 Jan-helge.nesse@leirvikmt.biz
Besøksadresse: Storhaugvegen 130	Anleggsnr.:
Kommune/kommunenr.: Stord/1221	Bransjenr. (NACE-kode): 35.114

Tilstades under kontrollen

Frå verksemda: Jan Helge Nesse og Jan Olsen	Frå Fylkesmannen: Sissel Storebø og Astrid Holte
--	---

Hovedtema for kontrollen

- utslepp til vatn, grunn og luft
- handtering av avfall/farleg avfall
- støy
- kjemikaliebruk/substitusjon
- internkontroll
- PCB-kondensatorar/-isolerglass

Resultat frå kontrollen

Rapporten omtalar avvik og merknader som blei konstatert under kontrollen. Fylkesmannen avdekkar 2 avvik og 2 merknader under kontrollen. Funna er omtala i vedlegget til rapporten.

Oppfølging etter kontrollen

- Inga tilbakemelding.
- Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfestar at forholda er retta opp og gjere greie for dei gjennomførte tiltaka når det gjeld avvik.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: **31.12.2006**

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningsloven § 49 og produktkontrollloven § 5. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningsloven § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje mottek den pålagte, skriftlege tilbakemeldinga innan den fastsette fristen kan vi fatte vedtak om tvangsmulkt. For meir informasjon om eit eventuelt vedtak om tvangsmulkt, sjå side 2 i rapporten.

Kjell Kvingedal
Seksjonssjef

Sissel Storebø
Overingeniør

Kopi: Stord kommune, Postboks 314, 5401 Stord

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningsloven, forskrifter heimla i forureiningsloven eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.)

Merknader: eit forhold som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ta vare på helse, miljø og tryggleik og som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningsloven § 73 eller produktkontrollloven § 13. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsettast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

Regelverk/forventningar til verksemda

Dei viktigste krava for bransjen (skips- og offshoreverft) er oppsummert på nettstaden Regelhjelp.no (www.regelhjelp.no), bransje: *Bygging / reparasjon av skip, båter, oljeplattformer og moduler.*

Forventningar til verksemdene

Miljøvernstyresmaktene ventar seg at verksemdene:

- Gjennomfører nødvendige tiltak for å sikre at krav i lover/forskrifter blir fullt opp.
- Har dokumentasjon som omtalar drifta / prosessane og viser korleis verksemda unngår utslepp av miljøskadelege stoff.
- Har oppdatert miljøinformasjon på stoff som blir brukt, blant anna i form av oppdaterte HMT-datablad.
- Har gjennomført ei vurdering av substitusjon av helse- og miljøfarlege stoff som blir brukt.
- Gjennomfører prøvetaking av eventuelle utslepp (spylevatn) og avfall (bl.a. partikulært materiale frå avvirking, brukt blåsesand)
- Handterer farleg avfall iht. gjeldande regelverk
- Gjennomfører risikovurderingar av aktivitetar/prosessar som kan føre til forureining.

Vedlegg til inspeksjonsrapport

**Avvik og merknader etter kontroll ved Leirvik Module Technology AS
den 26.09.2006**

Avvik 1: Handtering av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

- *Avfallsforskriften §§ 11-5, 11-8 og § 11-12*
- *Løyve gjeve i medhald av forureiningsloven § 11 og § 16*

Grunnlag for avviket er avkryssa nedanfor:

- a) Merking av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande (§ 11-5).
- b) Emballasjen på det farlege avfallet er ikkje tilfredsstillande (§ 11-5).
- c) Lagringsplass for farleg avfall er ikkje tilfredsstillande (§ 11-5).
- d) Verksemda har levert farleg avfall til ikkje-godkjent innsamlar av farleg avfall (§ 11-8).
- e) Det manglar dokumentasjon på at farleg avfall er levert (§ 11-8).
- f) Verksemda har lagra farleg avfall i over 1 år utan vidarelevering (§ 11-8).
- g) Deklarasjonsskjema er mangelfullt utfylt (§ 11-12).
- h) Anna, sjå kommentarfeltet.

Kommentarar:

a) Det vart funne 2 flasker a 0,5 l med ukjent avfall som ikkje var merka.

h) Samelike PCB-haldige kondensatorar er skifta ut. Dokumentasjon på levering av desse til godkjent mottak kunne ikkje leggest fram ved kontrollen.

Avvik 2 : Verksemda sin internkontroll for ytre miljø har manglar

Avvik frå:

- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), § 5, 2. ledd pkt 1-8.*

Grunnlag for avviket er krysset av nedanfor (avviket er ikkje basert på ein total gjennomgang av internkontrollen):

- a) Verksemda kjenner ikkje til regelverk som omfattar deira aktivitetar (pkt.1).
- b) Opplæring **og/eller** planer for kompetanseutvikling er mangelfull (pkt. 2).
- c) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av spylevatn eller farleg avfall eller rutinane er mangelfulle (pkt.7).
- d) Verksemda har ikkje utført tilfredsstillande risikovurdering av aktivitetane sine **og/eller** har mangelfulle handlingsplanar for å redusere risiko for uønskte hendingar ift. ytre miljø (pkt.6).
- e) Beredskapen ved uhell er mangelfull (pkt.7).
- f) Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett med heimel i helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga (pkt.7).
- h) Anna, sjå kommentarfeltet.

Kommentarar:

- f) Skriftlig rutine for substitusjon er ikkje nedfelt i internkontrollen.
- h) Prosedyre for handtering av farleg avfall er frå 1998.

Merknad 1: Permen for HMS – datablad er ikkje oppdatert

Kommentarar:

I permen for HMS-datablad var det både eldre og nye datablad og for kjemikalie som ikkje er i bruk. HMS-datablad på kjemikalie i bruk er imidlertid oppdatert digitalt for kvart prosjekt.

Merknad 2: Dokumentasjon av påslepp til oljeutskiljar er mangelfull

Kommentarar:

Det er ikkje dokumentert at vaskemidlar til vask av bilar og truck er godkjent i bruk med avløp til oljeutskiljar.

Andre forhold

Verksemda har utsleppsløyve som er datert 07.07.98. Verksemda er plassert i kontrollklasse 3. Sandblåsing og malingsaktivitetane som i si tid var årsak til utsleppsløyve er i dei seinare åra redusert. Verksemda har investert i moderne hall for overflatehandtering med reinseanlegg. All aktivitet skjer innandørs. Utslepp til luft vert utrekna ut frå forbruk av maling og blåsesand, ikkje målt. Fylkesmannen vurderar ut frå det som er nemnt over å endre kontrollklasse og oppheve krav til årleg eigenrapportering. Vi ber om kommentarar til dette.